

Representanten **Trude Brosvik** har stilt slike spørsmål:

Plassbestilling for dei med ungdomskort på snøggåtene Bergen-Sogn/Nordfjord

Dette spørsmålet er stilt før. Det eg lurer på er korleis oppfølginga med Norled er for å oppnå at ungdomane får bestille plass, også når dei nyttar ungdomskort.

Om det ikkje er ordna endå, kva tidshorisont ser ein for seg? Er problemet eigentleg at ein har mistillit til ungdomen og at dei tingar plass utan å bruke han, eller er det noko anna?

Felles ungdomskort for heile Vestland fylke

Det pågår eit stort samordningsarbeid mellom dei to gamle fylka og Skyss /Kringom på ma takstar og tilbod. Begge fylka har ungdomskort, som gjer at ungdom kan reise i heile (gamle) fylket til ein overkomeleg månadleg sum. Ungdomskorta er subsidiert av fylket. Kva er grunnen til at denne ordninga ikkje kan "isolerast" i samordninga og gjennomførast før det store arbeidet er klart? Det er, så langt ein kjenner til, ikkje ei kryssfinansiering som må på plass for å få til dette. Vil det vere mogeleg å få til felles ungdomskort innan nytt skuleår i august 2020?

Fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport.

På generelt grunnlag er både Skyss/Kringom og operatør bekymra for «no-show». Med det meiner ein at kundar med reservert plass ikkje dukkar opp til avgangen dei har reservert plass på. I dei tilfella der ein har avgangar med stor etterspørsel, fører dette til tapte inntekter for operatørar på nettokontraktar, sidan dei elles kunne seld billetten til ein annan, ofte til vaksen pris. Det er planlagt eit møte med operatør for å diskutera denne problemstillinga. Norled har eit bookingsystem, men dette er ikkje tillerrettelagt for at ein kan booka plass utan å betala for den. Dersom vi skal kunna tilby dette krev det sannsynlegvis noko utviklingsarbeid. Det er førebels ukjent kor mykje og kor lang tid dette vil ta. Det har ikkje vore ressursar til å prioritere denne oppgåva no.

Når det gjeld ungdomsbillett tilseier dei landsomfattande sosiale rabattordningar fastsett av staten at fylkeskommunane har ansvar for å gi tilbod om ungdomskort. Hos oss gjeld ordninga for ungdom frå 16 til og med 19 år, dvs. ungdom som i all hovudsak er elevlar i den vidaregåande skulen. Ungdomskorta gir rett til ei uavgrensa mengde reiser innan eit område, normalt for ein månad. Korta gjeld på kollektivtransport som får fylkeskommunalt tilskot (dvs. ikkje til Vy tog, riksvegferjer og kommersielle ekspressbussar) og mot framvising av legitimasjon. Ein del fylkeskommunar har likevel inngått avtalar med andre aktørar, mellom anna med Vy tog og riksvegferjene, om at korta òg skal gjelda for desse transportmidla.

Det kan vere mogleg å «isolera» ungdomsbilletten slik at det kan innførast felles ungdomsbillett innan august 2020, men det er nokre praktiske og tekniske utfordringar knytt til ulike billettsystem og moglegheit til å lese ein billett som ligg på for eksempel Skyss sitt reisekort hos Kringom. Det er ikkje gjort nærare vurderingar av desse. Eventuell innføring av felles ungdomsbillett vil ha ein kostnad i form av tapte inntekter. Administrasjonen har ikkje påbyrja arbeidet med å berekna storleiken av dei tapte inntektene, men planen er at dette arbeidet skal gjerast i samband med arbeidet for felles takst/sone-struktur for buss i Vestland. Som del av dette arbeidet vil ein også vurdere ulike løysningar for ungdomsbillettar. For eksempel har Ruter ein ungdomsbillett som er knytt til soner på same måte som andre periodebillettar.